

BACHELOROPPGÅVE

Sosialhjelp – hjelp til sjølvhjelp eller til salt i maten?

Korleis kan økonomisk sosialhjelp bidra til å verte sjølvhjelpen?

av
346 Ole Malvin Øvreås

Sosialt Arbeid

BSV5-300

Mai 2014



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage (Skriv inn tittel) dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

346 Ole Malvin Øvreås

JA NEI

Innhold

1.	Innleiing	1
1.1	Kven handlar oppgåva om.....	1
1.2	Problemstilling.....	1
1.3	Relevans for yrket «sosialt arbeid»	2
1.4	Gangen i oppgåva	2
1.5	Framgangsmåte	2
1.5.1	Kjeldekritikk	3
2	Teori.....	4
2.1	Fattigdom, definisjonar	4
2.1.1	Opinionsbasert tilnærming.....	5
2.1.2	Fattigdom eller marginalisering?.....	5
2.1.3	Relasjonelle perspektiv på fattigdom	5
2.2	Fattigdommens psykologi	6
2.2.1	Opplevd utryggleik	7
2.2.2	Svekt autonomi.....	7
2.3	Opptakter til arbeidslinja.....	8
2.3.2	Arbeislinja	8
2.4	Arbeidsmotivasjon.....	9
2.5	Arbeidsløyse	10
2.6	Økonomisk Sosialhjelp.....	11
2.6.1	Om ytinga	11
2.5.1	Opplevingar som stønadsmottakar	12
2.6	Om relasjonar	12
2.6.1	Berande relasjonar	12
2.5.1	“The Big Four”	13
2.5.2	Forpliktingar	13
3	Drøfting.....	13
3.1	Kva utfordringar møter stønadsmottakarar av sosialhjelp på vegen mot å verte sjølvhjelpen?.....	14
3.2	Kva kan hjelpe?.....	16
4	Avslutning.....	17
	Litteraturliste.....	19

1. Innleiing

I denne oppgåva vil eg sjå på om økonomisk sosialhjelp kan vere ei hjelp til å verte sjølvhjelpen. Utgangspunktet for å sjå på dette emnet er at det kan sjå ut til å vere eit mishøve mellom formålet og resultatene til ytinga. Stønadene er meint å ta sikte på å gjere tenestemottakarar sjølvhjelpen (Lov om sosiale tjenester i NAV, §18, 2009). Likevel er det 40% av alle mottakarar av økonomisk sosialhjelp som har stønad som viktigaste inntektskjelde. Av alle som mottar økonomisk sosialhjelp er det 37% som er langtidsmottakarar, og mottar økonomisk sosialhjelp seks månader (SSB, 2013).

1.1 Kven handlar oppgåva om

Det er like mange definisjonar på ein langtidsmottakar av økonomisk sosialhjelp som det finst langtidsmottakarar. Kjenneteikn som kan vere samlande for gruppa langtidsmottakarar kan difor vere so mangt. I mi oppgåve har eg avgrensa kjenneteikna til: har mottatt økonomisk sosialhjelp i seks, eller, meir månader, fattig, økonomisk sosialhjelp er einaste eller viktigaste inntektskjelde.

1.2 Problemstilling

Problemstillinga til denne oppgåva er eit hovudspørsmål, med to delspørsmål.

Hovudspørsmålet er: Korleis kan økonomisk sosialhjelp vere ein hjelp til sjølvhjelp for langtidsmottakar?

Delspørsmål ein er: Kva utfordringar er knytt til å verte sjølvhjelpen, for ein langtidsmottakar?

Delspørsmål to er: Kva kan vere med å hjelpe til å verte sjølvhjelpen?

For å klargjere problemstilling vil eg no presisere omgrepa «langtidsmottakar» og «sjølvhjelpen». Eg vel å nytte same definisjon på ein langtidsmottakar som Statistisk Sentralbyrå nyttar. Ein langtidsmottakar er ein som mottar stønaden i ein periode på seks månader eller meir (SSB, 2013). Med «sjølvhjelpen» vil eg meine at anten er vilkåra for økonomisk sosialhjelp ikkje lengre er oppfylt. Og stønadsmottakarar tener til forsvarleg livsopphald anten ved inntektsgevendende arbeid eller aktuelle ytingar (Lov om sosiale tjenester i NAV, § 18, 2009). Eller stønadsmottakarar har redusert stønadsbehovet frå einaste inntektskjelde, eller hovudinntektskjelde til å vere supplerande.

1.3 Relevans for yrket «sosialt arbeid»

Eg har valt å skrive om emnet økonomisk sosialhjelp, fordi eg opplever at emnet rommar meir sosialt arbeid enn det får anerkjenning for. Dei som er i ein livssituasjon som gjere økonomisk sosialhjelp er aktuelt vil ofte ha fleire utfordringar enn økonomi (SSB, 2010). Likevel vil den økonomiske situasjonen deira overskygge andre utfordringar. Uro for den økonomiske situasjonen, utfordringar i høve til søknadsprosessen og samarbeidet med NAV-kontoret er dømer på tillegg utfordringar som kan dukke opp (Underlid, 2005). Eit godt kunnskapsgrunnlag til å møte brukarar med slike utfordringar kan vere med å gjere arbeidet betre. Difor er det eit emne som er relevant for yrket «sosialt arbeid».

1.4 Gangen i oppgåva

Eg vil i innleiinga presentere kva oppgåva skal handle om, kva relevans den vil ha for meg og mitt yrke og korleis den er bygd opp. Etter innleiing vil eg sei noko om korleis eg har funne fram til den litteraturen eg har nytta. Eg vil kort gjere litt kjeldekritikk av den viktigaste litteraturen eg nyttar. Hovuddelen av oppgåva mi vil vere todelt, først vil eg presentere det teoretiske grunnlaget. Deretter vil eg diskutere problemstillinga mi, med utgangspunkt i teorien eg har presentert. Til slutt vil eg gjere ei samanfating av dei viktigaste funna mine.

1.5 Framgangsmåte

I arbeidet med å skrive denne oppgåva er det nytta eit teorigrunnlag å støtte diskusjonen på. Teorigrunnlaget er bygd på eit litteraturstudie, eit studie av allereie eksisterande litteratur. Det er gjort ein del forskning innan velferdsfeltet i Noreg. Då er det særleg forskning innan fattigdom, økonomisk stønad, sosiale problem, til dømes arbeidsløyse eg har nytta.

For å finne relevant litteratur har eg gjort litteratursøk i databasar som høgskulen gjev oss tilgang til. Eg nytta i hovudsak bibliotekbasen til høgskulen. Nøkkelord i søkeprosessen min var «langtidsmottakar», «arbeidslinja», og «fattigdom». Avgrensing av søkinga viste seg å vere nyttig her. Noko anna som var nyttig var det fysiske nærveret til biblioteket. Dette gjorde jobben min med å dobbeltsjekke relevansen særleg bøker hadde til oppgåva mi. Ein kikk på innhaldsliste og sjansen til å kjapt bla igjennom boka var ein av faktorane til at eg nytta biblioteket sin database. Det var og for å kunne sjå over titlar som stod i same bibliotekhylla, og slik koma over annan relevant litteratur. Emnet for oppgåva viste seg å vere eit noko smalt forskingsfelt. Litteratur som fokuserte på faktorar som var relevant for meg kunne difor vere utfordrande. Ved å kunne bla i litteratur, særleg bøker, kunne eg koma over

relevante deler likevel. Eg har óg nytta noko litteratur som allereie er på pensumlista for studiet mitt. Noko av den litteraturen dukka opp att i søkemotorane til databasane. Noko av litteraturen visste eg at eg ville ha med i oppgåva, allereie før eg starta søkeprosessen.

1.5.1 Kjeldekritikk

Eg vil no sjå litt på nokre av dei viktigaste kjeldene for oppgåva mi og truverd det dei vil ha for oppgåva mi. Først vil eg ta fram *Fattigdommens Psykologi*, av Kjell Underlid utgjeven i 2005. Underlid er ein anarkjend forskar i Noreg, som har gjeve ut fleire bøker og forskingsartiklar. Det er særleg innan emnet fattigdom Kjell Underlid har gjort forskning. I *Fattigdommens Psykologi* presentera Underlid funn av eiga kvalitativ forskning på opplevingar av fattigdom i det moderne Noreg. Informantane Underlid har nytta er mottakarar av økonomisk sosialhjelp, som har mottatt stønaden over lang tid (Underlid, 2005). Dette gjev eit godt samsvar med forskingsobjekta i boka og oppgåveemnet mitt. Noko som derimot kan gjere samsvaret dårlegare er at forskingsarbeidet er gjort i tida før NAV-reforma. NAV-reforma gav store omveltingar for hjelpeapparatet. At forskingsarbeidet er gjort før NAV-reforma er likevel ikkje av stor betydning, då NAV-reforma i hovudsak gjaldt organisering. Oppsummeringar av resultatata til NAV-reforma viser dessutan at målet om fleire i arbeid ikkje er nådd (NAV, 2014).

Ei kjelde eg ikkje nyttar i stor grad, men som likevel kjem med viktige bidrag, er *Frå mottaker til deltaker*. Det er ein rapport Birger Skilbrei har gjort for å evaluere eit tiltak for langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp i Bergen kommune (Skilbrei, 2000). Funna og framgangsmåtane kan vere farga av hensikta med rapporten, og avgrense overføringsverdien. Dei funna eg har henta herifrå er i hovudsak opplevingar av det å vere stønadsmottakar av økonomisk sosialhjelp. Sidan dei opplevingane eg nyttar er erfaringar med sosialkontoret til vanleg, vil dei ikkje vere farga av evalueringsformålet til rapporten. Denne rapporten er óg skriva før NAV-reforma. Det kan så tvil om kor gjeldane den er i dag, likevel er det grunn til å tru høva ikkje har forandra seg i stor grad.

Dei fleste bøkene eg har nytta er gjeve ut på akademiske forlag. Å ha eit akademisk forlag i ryggen gjere ikkje boka automatisk til sanning. Det styrkar likevel truverd det til bøkene, at slike forlag ynskjer å trykke dei. Fleire av bøkene er skriva med redaktørar, og gjerne med fleire forfattarar som samarbeider. At fleire står saman om å publisere materialet vil styrke truverd det, sidan dei er fleire som er samde om funna. Forfattarane er forskarar og undervisarar innanfor sine respektive felt, noko som gjev dei god kjennskap til kva dei skriv om.

2 Teori

2.1 Fattigdom, definisjonar

For veldig mange er ordet fattigdom knytt til tida i Noreg før olje og velferdsstat, eller sultkatasrofar i den tredje verda. Det kan til og med hevdast at fattigdom ikkje eksisterer i Noreg i dag. Noreg har på mange måtar vorte rik, og det på ein måte som kjem befolkninga til gode (Solstad, 2011, s 55). Som oljenasjon er Noreg i særstilling, som ein av få oljenasjonar som deler på godane. Dersom ein ser på høvet mellom dei rikaste og fattigaste sine inntekter er Noreg på likskapstoppen i den rike og utvikla delen av verda (Wilkinsons og Pickett, 2011, s 9).

Det er to framtrekande måtar å definere fattigdom på, «absolutt fattigdom» og «relativ fattigdom». Absolutt fattigdom inneber mangel på naudsynte ressursar, som mat, vatn, bustad, sanitære fasilitetar, helse, utdanning og informasjon. Medan relativ fattigdom vert definert i lys av samfunnet det vert opplevd i. Etter Peter Townsend sin definisjon er nokon fattig når «ressursene deres er så langt under gjennomsnittsindividet eller gjennomsnittsfamilien at de blir utelukket frå vanlige livsmønstre og gjøremål» (Townsend, ref. i Solstad, 2011, 59). I Noreg har det vorte vedtatt å definere fattigdom etter inntekter fattigdomsgrensa er satt ved 50% av medianinntekt over tre år. Medianinntekt er den inntekta som er i midten, når ein sorterer inntekt etter storleik. Dette er kun ein administrativ definisjon, og den har liten forankring i kunnskap om fattigdom (Solstad, 2011, s 60). Likevel er det denne definisjonen NAV støtter seg på (NAV, 2014, fattigdom og levekår i Norge).

For å kunne måle eit meir nyansert bilete av korleis det er å vere fattig i Noreg vil eg trekke fram konsensuell, eller opinionsbasert, tilnærming. Ein kan argumentere mot at det relative fattigdomsogrepet og bruken av inntekt som indikator er godt nok dekkande for kva fattigdom er (Fløtten og West Pedersen, 2008, s 35). Medan ein opinionsbasert tilnærming tek utgangspunkt i kva levkårsgodar som eit utval meiner er naudsynte (Fløtten og West Pedersen, 2008, s 38). Dette er ein tilnærming som i større grad tek utgangspunkt i kva ressursar og levekår ein har. Eit av argumenta mot det relative inntektsbaserte fattigdomsogrepet var nettopp at omgrepet ikkje tok omsyn til levekår. Fleire undersøkingar har vist at mange klarar seg på lik linje med øvrig befolkning trass inntekt under relativ fattigdomsgrense. Medan mange med inntekt over relativ fattigdomsgrense ikkje har tilfredsstillande levekår (Fløttem og West Pedersen, 2008, s 35).

2.1.1 Opinionsbasert tilnærming

Den opinionsbaserte tilnærminga til fattigdom er ein meir demokratisk definisjon av fattigdom. For å avgjere kvar fattigdomsgrensa skal setjas gjev ein eit utval ei liste over levekårskomponentar. Utvalet skal vurdere i kva grad komponentane er naudsynthe. I arbeidet med informasjonsinnhentinga undersøker ein om informantane har tilgang på levekårsgodene sjølv. Dersom det er aktuelt undersøker ein om mangelen på ei gode kjem av ressursknapphet, eller har andre årsaker. Når denne informasjonen er innhenta kan ein starte arbeidet med å skape ein levekårsindeks. Ein kan skape ein levekårsindeks ved å inkludere dei godar som får tilstrekkeleg oppslutning frå utvalet. Til dømes dei godar som får ei oppslutning på 50%, dette er dog eit romsleg mål i norsk samanheng. Deretter undersøker ein om utvalet sjølv manglar godane og om det har økonomiske årsaker. Berre dei godane som manglar som følge av økonomiske vanske blir med på levekårsindeksen (Fløtten og West Pedersen, 2008).

I den undersøkinga Fløtten og West Pedersen (2008) tek utgangspunkt i er det 20 levekårskomponentar som vert med i levekårsindeksen, om ein nyttar 50% oppslutning. Av utvalet er det 10% som må unnvere eitt naudsynsgode som følge av dårleg råd. Det er 6% som oppgjer å måtte unnvere to godar, medan det er knapt 1% som må unnvere ni eller fleire naudsynsgoder.

2.1.2 Fattigdom eller marginalisering?

Ein kan seie at fattigdom tyder låginntektsproblem. Dette gjere at diskutere fattigdom åleine vil kome til kort i oppgåva mi. Difor vil marginalisering vere eit nyttig omgrep å trekke inn. Økonomien er berre ein del av kva det vil seie å vere marginalisert, som er eit breiare og meir komplekst fenomen enn fattigdom (Harsløf og Seim, 2008, s 16). Omgrepet marginalisering fangar den posisjonen ein har i gråsona mellom integrasjon og ekskludering. Det skildrar prosessar som støyter eller drar individ og grupper mot samfunnet sine ytterkantar (Helland og Øia, 2000, s 29). I økonomisk samanheng kan ein seie at økonomiske vanskar kan marginalisere individ. Fattigdom i rike land er ofte forbundet med låg sosial integrasjon og lite deltaking i sosiale nettverk. Dette frårøver dei fattige viktig sosial kapital. For å ta del i nettverk og det samfunn ein lever i er ein nøydd til å gjere investeringar. Slike investeringar er vanskeleg med knappe ressursar. Spesielt kan ein tenke seg det er vanskeleg å få tilgang til relevante nettverksarenaer i rike land (Harsløf og Seim, 2008, s 19).

2.1.3 Relasjonelle perspektiv på fattigdom

Når ein ser på fattigdom kan ein óg velje å nytte eit relasjonelt perspektiv. Då er det kva som er relasjonen mellom kategoriane «fattig» og «ikkje-fattig» som kjem i fokus. Med

eit slikt perspektiv vert det interessant å sjå på kva funksjon den fattige har for samfunnet. Perspektivet vert eit perspektiv som i større grad, enn andre fattigdomsperspektiv, er sosiologisk interessant. Det er og eit perspektiv som er meir kritisk til hjelpeinstitusjonar si haldning i høve til fattige, enn andre perspektiv (Terum, 1998).

Det er gjort fleire undersøkingar i eit relasjonelt perspektiv. I artikkelen «Der Arme», publisert av Georg Simmel i 1906, er ei av hovudtesene at det er kor vidt ein person mottar, eller etter rådande normer skulle, fattighjelp som definerer om ein er fattig. Denne tesa skil seg frå slike ein tenkjer innan fordelingsorienterte perspektiv, der ein er definert som fattig om ein har udekte behov. Når ein let mottak av fattighjelp definerer fattigdommen, er det den «ikkje-fattige» yter som definerer fattigdommen. Men kvifor tek den «ikkje-fattige» på seg oppgåva å yte til den fattige, det er jo ei utgift for den «ikkje-fattige». Simmel argumenterer for at den «ikkje-fattige» yter for å ivareta sine interesser. Fattighjelpa vert såleis tvitydig, sidan den vert ytt som ei hjelp til å lindre individuell naud, medan hovudmålet er å hindre den «fattige» å truga samfunnet (Terum, 1998).

Ein kan altså tenkje seg at lovar og tiltak retta mot dei fattige ikkje berre er skrivne av «ikkje-fattige». Dei er óg skrivne på ein slik måte at dei er skrivne etter dei «ikkje-fattige» sine behov. Innanfor relasjonelt perspektiv kan ein difor tenkje seg at fattigdommen vil bestå så lenge det er funksjonelt for dei «ikkje-fattige».

I boka «Regulating the Poor: The Function of Public Welfare» av Piven og Cloward (1971) vert eit marxistisk syn drege med i desse resonnementa. Dei argumenterer for at styresmaktene let ordningane vere styrt av frykta for uro. Om det er urolige tider, og frykt for konflikhtar og ustabilitet, byggjer ein opp ordningane. Dersom det er meir stabile tider byggjer ein heller ned ordningane (Piven og Cloward, ref. i Terum 1998).

Det er ikkje godt å avgjere om det er tilsikta eller ikkje, og om det er uttalte mål eller ei vil og vere av betydning (Terum, 1998). Eg vil nytte dette perspektivet uavhenging av om konsekvensane er tilsikta eller ei. Det eg vil nytte perspektivet til er å vie merksemd til at desse konsekvensane kan førekoma.

2.2 Fattigdommens psykologi

Det er altså slik at fattigdom kan vere meir enn å mangle pengar til det aller mest naudsynte. Når ein ser på fattigdom som ulikskap og noko relasjonelt vert det óg interessant å sjå på korleis fattigdom vert opplevd. Dette har Kjell Underlid sett nærare på i boka Fattigdommens Psykologi. Underlid presenterer funn frå intervju av norske statsborgarar i yrkesaktiv alder som er registrert som langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp. Det var

tjuefem intervjuobjekt, alle var knytt til eit sosialkontor i Bergen, og intervjuet var gjennomført i 1999 og 2000 (Underlid, 2005). Forskinga er frå ei tid med sosialkontor, før NAV-reforma var komen. Eg vil no presentere nokre av dei viktigaste funna til Underlid. I drøftingsdelen vil eg trekke fram aktuelle dømer frå Underlid sitt arbeid, for å vidare illustrere funna.

2.2.1 Opplevd utryggleik

Det vart rapportert frå dei aller fleste at deira økonomiske situasjon auka gapet mellom ønskt og faktisk tryggleiksoppleving. Alle utanom éin rapporterte at minst eitt av fire fryktrelatert plageområde var forverra som følgje av økonomiske vanskar. Dei fire plageområda er bekymring eller uro, redsle eller angst, nervøsit, indre uro, og plutselig frykt utan grunn (Underlid, 2005, s 81).

Ingen hadde økonomiske bekymringar sjeldnare enn nokre gongar i løpet av veka. Medan knapt halvparten hadde det heila tida, om lag ein tredjedel hadde det dei fleste dagar. Resten av gruppa var fordelt på dagleg og mesteparten av dagen, dagleg men mindre enn halvparten av dagen, og nokre gonger i veka (Underlid, 2005, s 81).

Proessen kring søknad om økonomisk sosialhjelp kunne vere noko av det som trigga utryggleikskjensla. Opplevingar med å få kritikk frå sosialkontoret for feilvurderingar av pengebruken er eit døme. Det vert óg opplevd som utrygt at sosialkontoret gjere svær nøyaktig kontroll av pengebruken til stønadsmottakar (Underlid, 2005, s 82).

Det vert gjeve uttrykk for at hjelpeapparatet vert opplevd som uoversiktleg, komplisert, oppstykket og til dels motstridande. Denne generelle opplevinga av hjelpeapparatet kan vere opphav til utryggleikskjensler (Underlid, 2005, s 86).

Det er óg uro knytt til om kjensla av å ikkje lukkast skal smitte over på andre områder. Lysten til å gjere noko kan forsvinne, av frykt for å ikkje lukkast. Tvil og ambivalens kan råde over framtidig meistringsevne. Frykta for å ikkje klare å stå i ein jobb eller fullføre ei utdanning vil auke tvilen om å koma ut or fattigdommen (Underlid, 2005, s 95).

2.2.2 Svekt autonomi

Her er autonomi definert som sjølvstyre, å kunne gjere det ein sjølv vil. Det går fram av funna til Underlid at dei har lite råderett over sine økonomiske midlar. For dei fleste gjekk mesteparten av inntekta til å dekke utgifter til bustad, daglegvarer og så bortetter. Berre éin kunne handtere ei uføresett utgift på 2000 kr (Underlid, 2005, s 98).

Den økonomiske situasjonen til intervjuobjekta utelukka dei frå levemåtar, skikkar og aktivitetar som samfunnet held fram som ønskjelege og normale (Underlid, 2005, s 103).

Å innvilge alle søknadar om økonomisk sosialhjelp er umogleg. Ein av konsekvensane dette gir er at stønadsmottakarar kan oppleve at søknadar om hjelp til å realisere livsprosjekt, og, eller, hjelp til å koma seg vidare i livet vert avslått. Avslag på slike søknadar er autonomihemmande, og fleire meiner dette er det verste med å vere mottakar av økonomisk sosialhjelp (Underlid, 2005, s 104).

Noko som verkeleg hindrar autonomien til stønadsmottakar er den uføreseielege økonomiske situasjonen deira. Sidan stønaden er behovsprøvd vil det vere vanskeleg å planlegge framover i tid. Situasjonen vil verte avgjort av dei vurderingar som vert gjort av stønadsmottakar sin livssituasjon, her og no (Underlid, 2005, s 108).

2.3 Opptakter til arbeidslinja

Velferdsstaten har som oppgåve å vere ein støttespelar for dei som stiller svakare på den sosiale og økonomiske marknaden. Difor er det ein viktig jobb å hjelpe menneskjer til arbeid, for å gjere denne jobben meir organisert vart arbeidslinja innført tidleg på 90-talet (Marthinsen, 2007, s 35). I Noreg såg det ut til at stadig fleire i yrkesaktiv alder bevegde seg ut or arbeidslivet og inn på passive stønadar. Dette var ein tendens som det var ønskjeleg å både stogge og reversere (Hernes, 2010, s 43).

Sosialøkonomar trekker fram dei tapa arbeidsløyse påførerer velferdsstaten. Om ein ser på dei konsekvensar arbeidsløyse vil påføre alle i landet kan ein vise at arbeidsløyse gjev ei rekke utfordringar. Utfordringar som til dømes mindre inntekter, høgare utgifter, høgare skatter og mindre pengar til å dekke andre oppgåver. Sosialøkonomar ser difor på arbeidsløyse som sløsing av ressursar (Halvorsen, 2002, s 86).

Når ein ser på mikronivå, eller individnivå, ser ein andre utfordringar med arbeidsløyse. Arbeidsløyse kan for individet hindre deltaking i samfunnet som følge av dårleg økonomi. Det vert óg trukke fram at det kan medføre lågare arbeidskvalifisering og arbeidsmotivasjon og arbeidsmarginalisering for både unge og eldre. Som arbeidslaus bryt ein óg med prinsippet om gjensidighet mellom rettar og plikter. Ein bryt med dette prinsippet sidan ein ikkje yter noko attende for dei tenestene ein mottar. Dette brotet kan påføre eit sosialt ubehag for dei som yter minst og mottar minst (Halvorsen, 2002, s 86).

2.3.2 Arbeislinja

Sjølv om det var på 1990-talet at arbeidslinja kom tydeleg til uttrykk er det strøymingar langt attende i tida som peiker i same retning. Dømer på dette er “workfare”, protestantisk etikk og tenkinga “verdig og uverdig trengande” (Hernes, 2010, s 42). Intensjonane til arbeidslinja var å setje arbeid i framsetet for velferdspolitikken. Arbeidslinja

skulle fremje overgang frå passivitet til arbeidsaktivitet og frå stønadsavhengighet til sjølvforsørging. Iverksetjinga av arbeidslinja i Noreg kom nettopp i 1990-åra for kring dei tider såg ein eit stort fråfall frå yrkesaktivitet blant befolkninga i yrkesaktiv alder. Tanken var at arbeidslinja skulle vere med å bremse og i tillegg reversere denne tendensen. Arbeidslinja skulle altså gje ei større satsing på arbeid enn stønader. Velferdsmeldinga slå fast at “arbeid skal være det naturlige førstevalget for personer i yrkesaktiv alder” (Velferdsmeldingen, ref. i Hernes, 2010, s 43).

Rolla som pådrivar for arbeid skulle vere den rådande rolla til det offentlege støtteapparat, og rolla som velferdsgarantist skulle vere underlegen (Hernes, 2010, s 44). Det skulle framleis vere ei sentral oppgåve å sikre individ som var arbeidsledige og hadde redusert funksjonsevne. Men det skulle vere like viktig å legge opp til sjølvhjelp og deltaking i arbeid og aktivitet, slik at ein kan vere sjølvførsørga (Velferdsmeldingen, ref. i Hernes, 2010, s 44). Arbeidslinja innførte altså ei tenking om at individet skulle ta større del av sin eigen prosess frå yrkespassiv til yrkesaktiv. Det vart og i større grad stilt krav og forpliktingar til individet. Velferdsmeldinga presenterte ei målesetjing om “at den enkelte i størst mulig grad skal kunne forsørge seg selv og bidra til verdiskapingen i samfunnet” og “få etter behov, yt etter evne” og krev din rett og gjør din plikt” (Velferdsmeldingen, ref. i Hernes, 2010, s 44).

2.1 Arbeidsmotivasjon

Arbeidsmotivasjon er eit omgrep som ofte vert trekt inn i debattar kring arbeidsmarknaden. Det kan til dømes nyttas for å forklare svak arbeidstilknøying, vekst i uførhet og tidlegpensjonering. Det omgrepet omhandlar i kva grad arbeidstakar er involvert i arbeidet sitt, i arbeidsmarknaden og ikkje minst individet sine haldningar og verdsetting av lønsarbeid som livsverdi (Hyggen og Hammer, 2012, s 135).

Kva som gjev arbeidsmotivasjon vil kunne vere ein nyttig peikepinne på kva ein skal gjere i arbeidet med å realisere arbeidslinja. Det vart gjort ei undersøking av arbeidsmotivasjon sin samanheng med velferdsstatens sjenerøsitet gjort på 15 land, gjort i 1997 og 2005. Denne undersøkinga viste eit positivt forhold mellom ein sjenerøs velferdsstat og arbeidsmotivasjon, utanom i Skandinavia. Skandinavia viste eit negativt forhold mellom sjenerøs velferdsstat og arbeidsmotivasjon. Ved begge målingane var det dei skandinaviske landa som skåra høgast på både sjenerøsitet og arbeidsmotivasjon (Esser, 2012, s 57).

Det er lett å tenkje seg at sjenerøse trygdeordningar vil lokke fleire til å nyte av ordningane i staden for å vere i løna arbeid. Likevel viser undersøkingar at sjenerøse arbeidsledigetrygder ikkje gjev fleire arbeidslause. Det kan gje lengre ledighetstid, men óg

lengre varighet på neste tilsetjingsforhold. Ein slutning som vert dratt av dette funnet er at sjenerøs arbeidsløysetrygd kan betre samsvaret mellom ferdigheiter og jobbkraft (van der Wel, 2012, s 71).

Forsking frå Noreg viser at det å motta offentlege overføringar ikkje har negativ påverknad på arbeidsmotivasjonen. Noko som kan verke negativt på arbeidsmotivasjonen er langtidsledighet og stifting av familie (Hyggen og Hammer, 2012, s 136).

2.5 Arbeidsløyse

Først vil eg trekke fram kva eigenskapar og godar som vert tillagt arbeid. Dette er for å gje eit bilete av kva positive sider arbeid har, og som vil mangle dersom ein er arbeidslaus.

Eigenskapar og godar som vert tilskrive arbeid og sysselsetting er: det er ei produktiv kraft, økonomisk sjølvstende, det kan gje sjølvrespekt og anerkjenning, det er med å dekke behovet for sosial kontakt med andre vaksne, institusjonalisert basis for individets sosialisering, økonomisk og idémessig fundament for velferdsstaten sin ideologi (Halvorsen, 2002, s 87).

Arbeidsløyse kan tenkas å vere fråvere av desse eigenskapane og godane. I tillegg er det vorte innarbeidd nokre diskursar om kva arbeidsløyse vil vere uttrykk for. Ein diskurs kan vere ei tyding av eit ord eller omgrep som er felles for brukarane av ordet eller omgrepet. Dei diskursane som rådar for arbeidsløyse har tett samanheng med dei som rådar for arbeid og sysselsetting. Den første diskursen er *elendediskurs*, som ser på arbeidsløyse som sosial død. *Syssettingsdiskurs* er den neste, om ein tenkjer at full sysselsetting er det fremste målet vil arbeidsløyse vere sløsing av ressursar. Til slutt er det *moraldiskurs*, som tillegger den arbeidslause moralske lastar som dovenskap og låg arbeidsmotivasjon (Halvorsen, 2002, s 88).

For den som står utan arbeid vil det vere ei rekke sosiale onder knytt til arbeidsløysa. Det er likevel vanskeleg å sei om ondene kjem som ei følgje av arbeidsløysa eller den arbeidslause allereie leid av dei. Undersøkingar gjort på arbeidslause vert som regel gjort på utval som allereie er arbeidslause. Vidare gjer samansetninga av gruppa *arbeidslause* det vanskeleg å kome fram til gode svar på konsekvensar av arbeidsløyse. I diskursar om arbeidsløyse vert den arbeidslause sin referansekategori ein mann i sin beste alder. Gruppa *arbeidslaus* er derimot langt meir heterogen (Halvorsen, 2002, s 103).

Studier gjort både i Noreg og elles i Europa viser at dei viktigaste negative konsekvensane av arbeidsløyse:

- Økonomiske vansker som følgje av inntektstapet og derfor redusert forbruk

- Økt risiko for psykiske plager som primæret henger sammen med de økonomiske vanskene, samt tap av selvtillit og skamgjørende sosiale omgivelser, spesielt for de med høy arbeidsinvolvering
- Opplevd usikkerhet for framtiden
- Kjedsomhet, ikke ha noe å ta seg til
- Mindre sosial kontakt med arbeidskolleger
- Savn av jobben. (Halvorsen, 2002, s 104)

2.6 Økonomisk Sosialhjelp

2.6.1 Om ytinga

Økonomisk sosialhjelp er ein økonomisk stønad som skal sikre eit forsvarleg livsopphald. For å ha rett på stønaden må alle aktuelle inntektskjelder eller økonomiske rettar vere forsøkt utnytta. Stønaden skal søke å gjere mottakar sjølvhjulpen (Lov om sosiale tjenester i NAV, §18, 2009).

Behandling av søknader om økonomisk sosialhjelp skal gjerast etter konkrete individuelle vurderingar. Det betyr at ein skal vurdere hjelpebehov, stønadsbeløp og stønadsform. NAV-kontoret og tenestemottakar skal saman utreie stønadsbehovet. Difor er økonomisk sosialhjelp ei skjønsmessig yting. NAV-kontoret har både rett og plikt til å utøve skjønn ved utmåling av stønad. Den skjønsmessige vurderinga skal verte gjort i kvar einskild sak, for kvar tenestemottakar og kvar søknad. Skjønnsmessig vurdering kan gje litt ulike utslag, frå sak til sak. Dette trenger ikkje å vere eit teikn på at det er gjort ei ulikebehandling. Om ulike skjønsmessige utslag vert sakleg grunna i individuelle ulikskapar, er det i samsvar med lova. For å sikra vidare likebehandling skal vurderinga gjerast med omsyn til dei same inntektene, utgiftene og personlege høva for tenestemottakarar som er i tilsvarende livssituasjonar (NAV, 2013)

Stønaden skal sikre eit forsvarleg livsopphald. Kva eit forsvarleg livsopphald er, i lova og tilhøyrande tekstar, vart skildra. Lova gjev berre rettleiing til stønadsnivå, og kva utgifter som stønaden skal dekke. Stønaden skal vere på eit slikt nivå at den kan oppretthalde eit nøkternt og rimeleg nivå, i det lokalsamfunn tenestemottakar er ein del av (NAV, 2013).

Det er tenkt at økonomisk sosialhjelp skal vere ei midlertidig yting, difor tek den sikte på å gjere tenestemottakar sjølvhjelpen. Kva det vil seie å vere sjølvhjelpen, og kva som skal til for å verte det er individuelt. For å gjere ytinga best mogleg tilpassa tenestemottakar må ein óg i utforminga av tenestetilbodet gjere konkrete og individuelle vurderingar. Stønadsnivået

skal først og fremst sikre forsvarlig livsopphald. Det skal óg motivere til å skaffe inntektskjelder som: arbeid, kvalifiseringsprogram arbeidsmarknadstiltak eller andre arbeidsfremjande tiltak. I enkelte situasjonar kan stønaden tenkjast å dekke utgifter som er utanfor kjerneområda for stønaden. Slike situasjonar er særleg overgangar mellom ulike livsfasar, til dømes frå arbeidslaus til arbeidsliv (NAV, 2013).

2.5.1 Opplevingar som stønadsmottakar

No vil eg sei noko om dei opplevingar møtet med NAV-kontoret stønadsmottakarar kan ha. Eg vil bruke ein rapport frå Bergen, frå 2000, som utgangspunkt. På den tida rapporten er skrive var det sosialkontora som hadde ansvar for økonomisk sosialhjelp. Det er mykje som har skjedd dei siste 14 åra, då særleg NAV-reforma. NAV-reforma var hovudsakleg ei endring i organisering, og det er difor ikkje urimeleg å tenkje seg at funna kan vere gjeldande i dag. Om funna ikkje lengre er gjeldande gjev dei likevel eit bilete på kva utfordringar stønadsmottakarar kan ha i møte med hjelpeapparatet. Rapporten eg tek utgangspunkt i er skrive til eit prosjekt av sosialkontora i Bergen. Eg vil nytte materiale om erfaringar med møtet med sosialkontoret til vanleg.

Det går igjen at det er vanskeleg tilgjenge, konsultasjonane er kortvarige og summariske, og lite vilje til å få kunnskap om stønadsmottakar sin livssituasjon. Hyppige skifte av saksbehandlarar er og noko som går igjen blant informantane. Dette fører til at livshistorie og personlege høver må kartleggast på nytt, fleire gangar. Skifte av saksbehandlar gjer óg at stønadsmottakar opplever å bryte dei relasjonar som vert bygde (Skilbrei, 2000, s 39).

Informantane i denne undersøkinga opplever at låge satsar minkar moglegheit og evner til deltaking i samfunnet, og finne andre måtar til forsørging (Skilbrei, 2000, s 42).

Fortellingar om negative spiralar gjekk igjen i intervjuar til rapporten. Det vert fortalt om motløyse, sosial isolasjon, passivering og apati. Evnene til å gjere noko for å avslutte rolla som stønadsmottakar vert svekka av desse negative spiralane. Når ein er komen i ein negativ spiral vil det koste meir å setje i gang endringsarbeidet (Skilbrei, 2000, s 48).

2.6 Om relasjonar

2.6.1 Berande relasjonar

Når ein gjere sosialt arbeid er det ikkje berre kva ein gjere som har noko å seie, men óg korleis det vert gjort. For at arbeidet ein gjere skal bere mest mogleg frukt bør relasjonen mellom sosialarbeider og mottakar vere ein “berande relasjon”. Ein “berande relasjon” vil seie

ein relasjon som kan både bere den hjelpen som vert gjeven og vere ei hjelp i seg sjølv (Bernler, Johnson og Skårner i Røkenes og Hansen, 2012, s 19).

Fleire undersøkingar gjort på psykoterapi viser at terapiforma som er i bruk har lite å sei for utfallet av terapien. Mottakarar av langtidsbehandling hadde tydeleg betre resultat enn dei som hadde kortare behandling. Det kjem óg fram av undersøkingar gjort på psykoterapifeltet at personlegdomen til sosialarbeidaren veg tungt for utfallet. Evner som gjer at sosialarbeidaren vert opplevd som ein varm og ekte person er spesielt viktige. Spesielt innleving, empati, respekt og forståing (Røkenes og Hansen, 2012, s 20).

2.5.1 “The Big Four”

Det er gjort undersøkingar av kva som faktorar som er avgjerande for forandring i ein psykoterapisituasjon. Funna gjelder på gruppenivå, difor kan individuelle ulikskapar forekoma. Undersøkingane viser at 40% kan verte tilskrive brukaren sjølv, og andre utanom-terapeutiske faktorar. Relasjonen mellom brukar og terapeut er avgjerande faktor for 30% av forandringane. Håp og forventingar har betydning for 15% av forandring. Det er óg 15% som vert tilskrive kva teknikk eller terapimodell som er nytta (Røkenes og Hansen, 2012, s 22).

2.5.2 Forpliktingar

Relasjonen mellom sosialarbeidar og mottakar kan gje mottakar ei kjensle av å vere forplikta overfor sosialarbeidar. Dersom mottakar opplever at sosialarbeidaren verkeleg bryr seg, og ynskjer å hjelpe, opplever dei samstundes at deira handlingar påverkar sosialarbeidaren. Ei oppleving av at det ein gjere påverkar nokon andre, vil i sin tur påverke kva ein gjere (Bruland, 2009, s 70). Eit av intervjuobjekta i Bruland si masteroppgåve legg det fram slik: “Eg følte meg litt forplikta og ... Sidan dei hadde engasjert seg sånn den dagen” (2009, s 69). Eit anna intervjuobjekt fortel at ho kunne vere ærleg med legen sin, for han viste forståing. Ho kunne koma til legen og fortelje at ho hadde trakka i salaten og at “Han kunne bli veldig sint på meg, men då fekk eg hjelp. Han blei jo sint, så det var ikkje slik at eg utnytta det heller” (Bruland, 2009, s 66). Sjølv om dette dømet er tatt med for å illustrera tillitsbygging, syner det og den forpliktinga mottakarar kan kjenne om dei opplever at sosialarbeidar/hjelpar er engasjert i dei som individ.

3 Drøfting

I lova er eit av måla økonomisk sosialhjelp søker å nå å gjere stønadsmottakar sjølvhjelpen (Lov om sosiale tjenester i NAV, §18, 2009). Dette målet er utgangspunktet for

mi problemstilling. Korleis kan økonomisk sosialhjelp vere ein hjelp til sjølvhjelp for langtidsmottakar? Kva utfordringar er det knytt til å verte sjølvhjulpen, for ein langtidsmottakar? Og kva kan vere med å hjelpe til å verte sjølvhjelpen? Desse spørsmåla vil eg no drøfte, med utgangspunkt i den teorien eg har presentert.

3.1 Kva utfordringar møter stønadsmottakarar av sosialhjelp på vegen mot å verte sjølvhjelpen?

For å ha rett til økonomisk sosialhjelp må ein allereie ha prøvd å tene til eit forsvarleg livsopphald på alle moglege måtar. Dette vil sei inntektsgevande arbeid, aktuelle trygdeytningar eller aktuelle sal av eigedelar (Lov om sosiale tjenester i NAV, § 18, 2009). Dette gjer at mottakarar av økonomisk sosialhjelp ofte vil vere i ein livssituasjon som kan defineras som fattig. Særleg gjelder dette stønadsmottakarane eg ynskjer å konsentrere oppgåva mi om, langtidsmottakarar. Ein langtidsmottakar er nokon som mottar stønaden i ein periode på seks månader, eller meir (SSB, 2013). Det er tenkjeleg at ein langtidsmottakar vil verte definert som fattig etter alle tre definisjonane eg har trekt fram. Langtidsmottakaren har truleg ei inntekt som er under dei 50% av medianinntekta i Noreg, som er den inntektsbaserte fattigdomsgrensa (Solstad, 2011). Økonomisk sosialhjelp skal i hovudsak dekke eit nøkternt og ... liv, om ein treng hjelp til å få råd til eit «nøkternt» liv manglar truleg ei rekke levekårsgodar som er rekna som naudsynte (Fløtten og West). Dersom ein mottar økonomisk sosialhjelp vil ein imøtekoma dei «ikkje-fattige» sin definisjon av fattigdom. Økonomisk sosialhjelp er meint som ei hjelp til «fattige» som ikkje klarar å forsørge seg sjølv. I eit relasjonelt perspektiv vil mottakarar då verte definert som fattige (Terum, 1998).

Langtidsmottakarar kan difor defineras som fattig. Det er ei rekke utfordringar knytt konsekvensane av å vere fattig, som Underlid gjere greie for i «Fattigdommens Psykologi». Om ein er fattig er ein i ein situasjon som kan opplevas som uttrygg og autonomifårøvande. Livssituasjonen kan gjere at mykje tid går til økonomiske bekymringar eller fryktrelaterte plager. Og den kan gjeve eit mørkt og pessimistisk framtidssyn (Underlid, 2005). Slike opplevingar med livssituasjonens gjere at langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp vil ha låge håp og forventningar til å avslutte sitt hjelpebehov. Håp og forventningar er ein faktor som kan svare for 15% av forandringar innan psykoterapi (Røkenes og Hansen, 2012).

Det er mykje enno som kan tale for forandring. Til dømes relasjonen mellom hjelpar og stønadsmottakar. Denne relasjonen vert tilskrive 30% av forandringane i psykoterapi. Her ligg den største sjansen hjelpar har til å bidra til forandring (Røkenes og Hansen, 2012). Det

er då trist at denne relasjonen ser ut til å vere dårleg. Stønadsmottakarane opplever hyppige byter av saksbehandlarar, og at relasjonar stadig vert brote ned. Konsultasjonane er óg ofte korte og summariske, utan at stønadsmottakar opplever at livssituasjonen vert tilstrekkeleg kartlagd (Skilbrei, 2000). Sjølve møtet med hjelpeapparatet kan óg vere med å svekke relasjonen. Stønadsmottakarar kan oppleve av å få kritikk for å ikkje ha nok pengar til mat, når ein følgjer saksbehandlar sine instruksar om å prioritera husleige og straum. Eller å verte trekt i stønadsnivå etter at det er gjort kontrollar av stønadsmottakar sin økonomi (Underlid, 2005, s 82).

Om ein skal fortsetje å sjå på økonomisk sosialhjelp mot «the big four» kan stønadsnivå verte sett som teknikk. Stønadsnivået kan sjåast som teknikk fordi det er summen av vurderingane som vert gjort. Det vert tilskrive faktoren teknikk 15% av forandringar i psykoterapi (Røkenes og Hansen, 2012). Opplevinga stønadsmottakarar har med stønadsnivået er i hovudsak at dei er låge. Lågt stønadsnivå vert opplevd som eit hinder for å delta i samfunnet og forsørge seg sjølv (Skilbrei, 2000).

Dette gjere at om lag 60% av forandringsrommet er negativt. Det betyr at det er hjå stønadsmottakar sjølv som truleg vil stå for forandring. Ei forandring det vil vere verdt å applaudere. Stønadsmottakar er i ein livssituasjon som kan sjå ut til å jobbe imot seg. Det ser ut til at det er 60% for at det ikkje skjer noko forandring. Slike utsikter er ikkje noko hjelp når livssituasjonen allereie er vanskeleg.

Ei utfordring med å verte sjølvhjelpen er det det relasjonelle perspektivet på fattigdom som påpeiker. Stønadsmottakarane får kjenne det på kroppen. Det er høve mellom kva intensjonar det vert gjeve uttrykk for at økonomisk sosialhjelp har, og kva resultat det gjev. Slike stønadar er kritisert for å berre tøyse misnøya til gruppa «fattige», utan å faktisk hjelpe dei ut or fattigdommen (Terum, 1998). I lova om, og rundskriva til, økonomisk sosialhjelp er å sikre eit forsvarleg livsopphald hovudmålet med stønaden. Det vert óg halde fram at stønaden skal ta sikte på å gjere stønadsmottakar sjølvhjelpen (NAV, 2013). Stønadsmottakarane opplev at stønadsnivået er så lågt at dei vert hindra i å gjere seg sjølvforsørge (Skilbrei, 2000).

Arbeidslause møter eit politisk landskap som set arbeid i første rekke. Arbeid skulle vere målet for alle i yrkesaktiv alder (Velferdsmeldingen, ref. i Hernes 2010). Dette er den rådande arbeidspolitikken i Noreg. Den er støtta opp av sosialøkonomar som ser på arbeidsløyse som sløsing av ressursar (Halvorsen, 2002). Desse politiske tendensane er dei som skal legge føringar for kva politikk som skal gjelde for menneskjer som lever med utfordringar knytt til arbeidslivet. Menneskjer som i offentlege ordskifter vert debattert under diskursar om elende, ressursløseri og lågmoral knytt til arbeidsløysa (Halvorsen, 2002). Det

er menneskjer som følgje av låge inntekter har redusert forbruk, auka risiko for psykiske plagar og tap av sjølvtilitt og usikker framtid (Halvorsen, 2002). Med desse utfordringane møter arbeidslause eit politisk landskap som helst ser at dei kjem seg i arbeid att. For langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp vil ein del av utfordringane og vere knytt til stønadsnivået. Eit stønadsnivå dei opplever at hindrar dei å ta del i samfunnet og forsørge seg sjølve (Skilbrei, 2000).

3.2 Kva kan hjelpe?

Me skal no trekke fram «the big four» att, og sjå på kva faktorar som hjelper i ein terapisisituasjon. Dei to faktorane som er mest avgjerande er «klienten selv og utenom-terapeutiske faktorer» og relasjonen mellom klient og terapeut (Røkenes og Hansen, 2012, s 22). Det er, sjølv sagt av betydning korleis arbeidet vert gjort, men dette er dei viktigaste faktorane for suksess. Klienten sjølv er ein faktor det er vanskeleg å gjere noko for å forbetre. Likevel er det mogeleg å gjere noko. Det går fram av Underlid sine funn at det er vert brukt mykje tid og krefter på å bekymre seg og vere uroleg, om ein er fattig. Den økonomiske situasjonen og framtidsutsikter er det som er den rådande bekymringa og uroa (Underlid, 2005). Ein kan i arbeidet med økonomisk sosialhjelp søke å lindre denne bekymringa og uroa. Lindringa kan tenkjast å frigjere tid å krefter, noko som kan gjere framtidsutsiktene ljosare. Slik kan ein forsterke dei mulegheiter som ligg i klienten sjølv

Relasjonen er ein faktor saksbehandlar vil kunne ha ei tydlegare innverknad på. Frå psykoterapifeltet ser me at ein berande relasjon vil ha ein svært god effekt på forandringsarbeidet (Røkenes og Hansen, 2012). Ein terapisisituasjon let seg ikkje direkte overføre til den situasjonen ein mottakar av økonomisk sosialhjelp er i. Ein god relasjon vil likevel kunne ha gode effektar på forandringsarbeidet, sjølv om det ikkje gjev direkte hjelp til sjølvforsørging. Å bygge ein god relasjon og gje stønadmottakar ei kjensle av at sosialarbeidaren engasjerer seg i saka vil har heldig verknad. Det ser ut til at stønadmottakarar vil kjenne seg forplikta til å gjere ein innsats sjølv, når dei opplever at sosialarbeidaren engasjerer seg (Bruland, 2009). Forpliktinga kan kome som uttrykk på at engasjementet verdset stønadmottakarane. Det kan og vere eit uttrykk for ei kjensle av å stå i gjeld til den som engasjerer seg. Det er uansett eit uttrykk for at det løner seg å engasjere seg i sakene ein jobbar med.

Stønadsnivået på økonomisk sosialhjelp er meint å vere på eit nivå som motiverer til arbeid. Det skal i hovudsak dekke det mest naudsynte, og ta sikte på å gjere arbeid meir attråverdig enn stønad (NAV, 2013). Likevel er det grunnar til å vere raus i utmålinga av

stønadsnivå. Sjenerøse arbeidsløysetrygder ser ut til å ha positiv samanheng med arbeidsmotivasjon (van der Wel, 2012). Eit rausare stønadsnivå på økonomisk sosialhjelp vil truleg gje same effekt. Stønadsmottakarar av økonomisk sosialhjelp melder at dei opplever stønadsnivået som eit hinder for deltaking i samfunnet og sjølvforsørging (Skilbrei, 2000). Den tronge økonomiske situasjonen gjere livssituasjonen til stønadsmottakarar prega av utryggleik og uro (Underlid, 2005). Eit rausare stønadsnivå kan vere med å dempe kjensla av utryggleik og uro, som kjem av tronge økonomiske kår. Det vil difor vere tenkjeleg at ei mindre streng utmåling av stønaden kan auke arbeidsmotivasjonen til stønadsmottakar. Ei svakare kjensle av utryggleik og uro vil kunne frigjere tid og energi til meir positive kjensler. Stønadar som ikkje vert opplevd som eit hinder, kan vere med å gje lyst til deltaking i samfunnet og sjølvforsørging.

Om ein justerar opp stønadsnivået på økonomisk sosialhjelp er det tenkjeleg at det vil lokke til bruk av ytinga. Det er difor den skjønsmessige, konkrete individuelle vurderinga vert viktig. Kvar einskild stønadsmottakar og søknad skal verte vurdert slik. Vurderinga skal gjerast av det hjelpebehovet stønadsmottakar har, og kva stønadsbeløp og stønadsform som er aktuelt. Dette er vurderingar som skal gjerast i samarbeid mellom sakshandsamar og stønadsmottakar (NAV, 2013). Her ligg det dessutan mulegheiter til å jobbe med utfordringar som at stønadsmottakarar opplever at dei vert vigde knappe tid og ressursar (Skilbrei, 2000). Om ein gjere ein god jobb med denne fasen har ein difor eit verkty til å undersøke om det er reelle hjelpebehov. Samanhengen mellom sjenerøse velferdsordningar og arbeidsmotivasjon ser ut til å vere positiv. Sjenerøse arbeidsledigettrygder kan medføre ei lang ledighetstid, men lengda på neste tilsetjingsforhold vil óg auke. Eit betre samsvar mellom ferdigheiter og jobbkrav er ein teori bak dette høvet (van der Wel, 2012). Sidan det vert informert om opplevingar av at stønadsnivået er så lågt at det hindrar sjølvforsørging (Skilbrei, 2000), kan ein tenkje seg denne effekten óg vil førekoma innan økonomisk sosialhjelp. Eit høgare stønadsnivå kan skape betre vilkår for å forsøke å ta del i samfunnet og forsørge seg sjølve.

4 Avslutning

I denne oppgåva har eg sett på kva stønaden økonomisk sosialhjelp kan bidra med for hjelpe langtidsmottakarar å verte sjølvhjelpne. Eg har teke utgangspunkt i at ein langtidsmottakar av økonomisk sosialhjelp innfrir desse kriterier: har mottatt økonomisk sosialhjelp i seks månader, fattig, økonomisk sosialhjelp er einaste eller viktigaste inntektskjelde. Problemstillinga mi var: Korleis kan økonomisk sosialhjelp vere ei hjelp til

sjølvhjelp for langtidsmottakarar? Kva utfordringar er knytt til å verte sjølvhjelpen, for ein langtidsmottakar? Og, kva kan vere med å hjelpe til å verte sjølvhjelpen? Med sjølvhjelpen har eg i denne oppgåva tenkt at stønadsmottakar tener sjølv til eit forsvarleg livsopphald, eller har redusert hjelpebehovet sitt. Stønadsmottakar har no inntektsgjevande arbeid eller aktivitet som einaste eller viktigaste inntektskjelde.

Eg har kome fram til fleire funn som kan vere med og belyse problemstillinga mi. Det er ei rekke utfordringar knytt til å vere stønadsmottakar og det å vert sjølvhjelpen. Utfordringane er i stor grad knytt til fattigdommen og opplevinga av å vere fattig. Utryggleikskjensler som følgje av den økonomiske situasjonen tek mykje tid og krefter. Stønadsnivået vert opplevd som eit hinder for å kunne delta i samfunnet og forsørge seg sjølv. Desse to områda kan påverke 60% av forandringsrommet i negativ retning. Arbeidslinja frontar mål om at alle i yrkesaktiv alder skal i arbeid. Dette er eit mål stønadsmottakarar opplever vanskar med å delta i å nå. Dei opplever sin livssituasjon, og økonomiske situasjon, som eit hinder for å delta i samfunnet og forsørge seg sjølv.

Eg har óg gjort nokre funn til kva som kan vere med å hjelpe til å verte sjølvhjelpen. Hovudfunnet her er at det kan vere ei hjelp til sjølvhjelp å vere rausare med stønadsutmålinga. Eit høgare stønadsnivå kan tenkas å ha positiv effekt på stønadsmottakar sine evner til å kunne delta i samfunnet og forsørge seg sjølv. Dette samsvarar med den positive samanhengen mellom sjenrøse velferdsytingar og arbeidsmotivasjon. Det å bygge gode relasjonar mellom sakshandsamar og stønadsmottakar vil óg kunne hjelpe til sjølvhjelp. Om stønadsmottakar opplever at sakshandsamar engasjerer seg i saka vil dei kunne kjenne seg forplikta til å sjølv gjere ei innsats sjølv.

Om eg kort skal konkludere hovudspørsmålet mitt, *korleis kan økonomisk sosialhjelp vere ein hjelp til sjølvhjelp?* Då vil det vere å våge å vere rausare med stønadsnivået. Og bruke litt ekstra tid på å vurdere hjelpebehovet til stønadsmottakar, saman med stønadsmottakar. Dette kan hjelpe stønadsmottakar til å kunne verte sjølvhjelpen.

Litteraturliste

- Bruland, L. (2009). Om å bry seg på verkeleg: Ein studie av tidlegare rusavhengige si oppleving av hjelpsam hjelp (Masteroppgave). Lillehammer: Høgskulen på Lillehammer.
- Esser, I. (2012). Ikkje bare for pengene? Arbeidsmotivasjon, pensjonspreferanser og pliktfølelse i forskjellige velferdsstater. I E. Øverbye og S. Stjernø (Red.) *Arbeidslinja – Arbeidsmotivasjonen og velferdsstaten*. (s. 47-61), Oslo: Universitetsforlaget
- Fløtten, T. og West Pedersen, A. (2008). Fattigdom som mangel på sosialt aksepterte levekår. I I. Harsløf og S. Seim (Red.), *Fattigdommens dynamikk – Perspektiver på marginalisering i det norske samfunnet* (s. 34-61). Oslo: Universitetsforlaget.
- Halvorsen, K. (2002). *Sosiale problemer – En sosiologisk innføring*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Hammer, T. og Hyggen C. (2012). Arbeidsmotivasjon fra ung til voksen – kva betyr frafall frå vidaregående skole?. I E. Øverbye og S. Stjernø (Red.) *Arbeidslinja – Arbeidsmotivasjonen og velferdsstaten*. (s.135-145), Oslo: Universitetsforlaget
- Hansen, P. H. og Røkenes, O. H. (2012). *Bære eller briste – Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. Bergen: Fagbokforlaget
- Harsløf, I. og Seim, S. (2008). Fattigdom i en norsk velferds kontekst. I I. Harsløf og S. Seim (Red.), *Fattigdommens dynamikk – Perspektiver på marginalisering i det norske samfunnet* (s. 34-61). Oslo: Universitetsforlaget.
- Helland, H. og Øia, T. (2000). *Forebyggende ungdomsarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Hernes, T. (2010). Om arbeidslinja. I I. Heum, P. Haavorsen og T. Hernes (Red.), *Arbeidsinkludering – om det nye politikk- og praksisfeltet i velferds-Norge* (s. 42-55). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Lov om sosiale tjenester i NAV. (2009). *Lov om sosiale tjenester i Arbeids- og velferdsforvaltningen* m. v. av 18. Desember 2009 nr 131

Marthinsen, E. (2007). Tiltaksarbeid og sosialt arbeid. I E. Marthinsen, og N. Skjefstad (Red.), *Tiltaksarbeid i sosialtjeneste og NAV – tett på!*. (s. 26-57). Oslo: Universitetsforlaget.

NAV. (2014, 15. mai). Forskerne ser tilbake på NAV-reformen. Hentet fra <https://www.nav.no/Forsiden/Nyheter/Forskerne+ser+tilbake+p%C3%A5+NAV-reformen.380413.cms>

NAV. (2014, 21. mai). Fattigdom og levekår i Norge, statistikk og analyse. Hentet fra <https://www.nav.no/Om+NAV/For+kommunen/Nyttige+lenker/Fattigdom+og+levekar%C3%A5+i+Norge%2C+statistikk+og+analyse.303402.cms?kapittel=2>

Pickett, K. og Wilkinson, R. (2011). *Ulikhetens pris – Hvorfor likere fordeling er bedre for alle*. Otta:Res Publica.

Skilbrei, B. (2000). *Frå mottaker til deltaker – erfaringer og mestring som klient i 'Prosjekt langtidsmottakere av sosialhjelp' i Bergen kommune*. Bodø: NORDLANDSFORNING.

Solstad, A. (2011). *Pengene og livet – økonomisk rådgivning i sosialt arbeid*. Oslo:Universitetsforlaget.

SSB. (2010, 6. desember). Sosialhjelp – sikkerhetsnett for kven?. Hentet fra <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/sosialhjelp-sikkerhetsnett-for-hvem>

SSB. (2014, 21. juni). Økonomisk sosialhjelp 2012. Hentet fra <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/sosialhjelp-sikkerhetsnett-for-hvem>

Terum, L. I. (1998). Perspektiv på fattigdom. *Tidsskrift for velferdsforskning*, Vol 1 nr 2, 67-81.

Underlid, K. (2005). fattigdommens psykologi – oppleving av fattigdom i det moderne Norge. Oslo: Det Norske Samlaget.

van der Wel, K. A. (2012). Den sjenerøse velferdsstaten: Heroin, medisin eller vitamin?. I E. Øverbye og S. Stjernø (Red.) *Arbeidslinja – Arbeidsmotivasjonen og velferdsstaten*. (s. 62-787), Oslo: Universitetsforlaget